



# ÅRSMELDING FOR 2023



**JORDBRUKSSKOLENES  
VENNER**

## ÅRSMELDING FOR JORDBRUKSSKOLENES VENNER 2023

### Foreininga Jordbruksskolenes Venner (JV)

Jordbruksskolenes Venner er ei støtteforeining til NMS med eigen samarbeidsavtale som seier korleis samarbeidet skal foregå. JV har direkte kontakt med skulane om prosjekt og tiltak som skal settast i verk. Dei fem siste åra har JV dekkja om lag halvparten av driftskostnadene for det eittårige kurset på Tombontsoa og Fihaonana, for 2023 med kr. 300.000. NMS har teke godt den andre halvdel den siste året.

### Styret

Styret i Jordbruksskolenes Venner i 2023:

Kolbjørn Lerstøl, leiar

Arne Dragsund, sekretær

Jonas Skrettingland, kasserar

Rolf Moi, styremedlem

Styret har hatt 7 møter og handsama 60 saker dette året.

### JV si heimeside og Facebook

På heimesida kjem det nytt frå skulane, eller artiklar om land og folk på Madagaskar. Adressa er [www.jo-ve.no](http://www.jo-ve.no) Arne Dragsund skriv artiklar og legg ved bilete, og Martha Krogedal Myklebust legg det ut på heimesida og sender det til Facebook. På heimesida til NMS kan ein finne ein link til heimesida for JV.

### GRØN DIAKONIPROGRAMMET

15 tobyar (sjukelandsbyar) var med i dette arbeidet i 2023, 7 på austkysten med Fihaonana som ansvarleg, og 8 i innlandet med Tombontsoa som ansvarleg. 12. og 13. oktober var det eit seminar i toby Ambohimahazo i Antsirabe for rundt 100 hyrdar og prestar som høyrer til dei tobyane som Tombontsoa har ansvaret for. Generalsekretær Kotobesoia i FLM opna seminaret, der også generalsekretær for hyrderørsla nasjonalt, pastor Makavelo Marcellin, og president for hyrderørsla nasjonalt, pastor Mahasitraka, var til stades. Rektor Rakotoson Lala leia seminaret på ein god måte.



Deltakarar på seminaret i Antsirabe og på Fihaonana jordbruksskule. Foto: Randriamahaleo Bary

17. og 18. oktober var det eit tilsvarande seminar på Fihaonana for dei som høyrer til på austkysten. Visepresident i Manakarasynoden pastor Randrianiaina James, ønskte velkommen og opna seminaret. Rektor Randrianarijao Hobiharisoa leia seminaret her på ein fin måte. Også her var det godt 100 hyrdar og prestar med på seminaret. Jørgen Lollike frå Grøn diakoni-Plant et tre i Norge og Arne Dragsund som koordinator for dette arbeidet i FLM, var til stades på begge seminarane. Rapportar og meiningstuveksling om arbeidet i dei ein skilde tobyane var viktige i begge seminarane, samt at dr. Josoa frå sjukestova til Salfa like ved toby

Ambohimahazo, hadde eit innlegg på seminaret i Antsirabe om mentale sjukdomar og korleis dei kan behandlast. For hyrdane er det ofte vanskeleg å vite kva tid dei skal oppsøke ei sjukestova for behandling, eller kva tid dei skal be for dei sjuke. Ofte kan det, med det same den sjuke kjem inn for behandling, vere aktuelt med eit beroligande middel for den sjuke.

På seminara vart programmet for grøn diakoniarbeidet i tobyane gjennomgått, med ei presisering av kva som skal vektleggast i 2024. Mellom anna vart det sterkt poengtert at arbeidet med å lage planteskular for oppal av treslag for skogplanting, og oppal av frukttre, skal intensiverast i alle tobyane. Det same med å ta såfrø av frøplanter av ulike slag grønnsaker. Slik at tobyane vert sjølforsynte med planter og frø, og at dei også kan gje nokre posar med såfrø til dei sjuke som er blitt friske igjen og kan reise heim til sine landsbyar og fortsette dyrkinga der.



Grønnsakåkeren står fint nå i oktober i toby Ambohimahazo. Hyrden Randria er leiार for arbeidet  
Foto: Arne Dragsund

I oktober hadde rektor Rasoloson Lala og Arne Dragsund eit møte med direktøren for fengselet i Antsirabe om eit samarbeid med hyrdane i toby Ambohimahazo. Nå er dette samarbeidet kome i gang. Hyrdar frå Ambohimahazo kjem til den jorda fengselet i Antsirabe har til rådighet for produksjon av grønnsaker, for å undervise fangane i grønnsakdyrking og stell av plantene slik at avlinga blir god. Fengselet fekk og ein startpakke med reiskapar og utstyr, samt såfrø av ulike grønnsaker for å kome i gang med arbeidet på det 2-3 dekar store arealet som høyrer fengselet til. Her er det og 3 store dammar, slik at det er nok vatn til dyrkinga også i turketida.



Jorda som høyrer til fengselet i Antsirabe. Rektor Lala, hyrdar og fengselspersonalet med på biletet  
Foto: Arne Dragsund

## **MORINGAPROSJEKTET**

Dette har vore i gong nokre år nå. Andreas Jørgensen er leiार for dette saman med dei to skulane. Det har vore kurs på skulane i produksjon av Moringatre, og det er og spreidd småplanter til tobyane i samband med grønn diakoniprogrammet, både på austkysten og i innlandet. Det viser seg at Moringatreet greier seg godt sør og vest på Madagaskar i det turre landskapet der. Men det greier ikkje så godt det kalde klimaet i turketida på Antsirabe.

På austkysten har det og vore litt ymse med veksten nokre stader. Men det kan og ha med korleis og kva tid på året treet vart planta.

### **VARHAUG KRISTELEGE UNGDOMSLAG**

Ungdomsforeininga på Varhaug har støtta jordbruksskulane økonomisk i mange år, også i 2023, med eit betydeleg beløp. 20 ungdomar reiste til Madagaskar saman med reiseleiar Jonas Skrettingland i oktober. Dei var innom Tombontsoa og Fihaonana jordbruksskular, med god kontakt med lærarar og elevar. Og dei hadde ein tur i regnskogen i Ranomafana i tillegg til mykje anna dei opplevde på turen. Ungdomane hadde orienteringsmøte om turen på Varhaug etter at dei var komne heim, og turen var omtalt i Jærbladet. Det er inspirerende at ungdomar på denne måten engasjerer seg i misjonsarbeidet, med støtte til dei to jordbruksskulane på Madagaskar. Dette gjev store ringvirkningar og auka interessa for misjon og hjelpearbeid. Stor takk til Ungdomslaget på Varhaug for det gode samarbeidet vi har! Og for den hjelp og inspirasjon dei er for jordbruksskulane på Madagaskar!



Ungdomane frå Varhaug saman med reiseleiar. Kubotatraktoren dei gav til 35 års jubileet på Fihaonana  
Foto: Jonas Skrettingland



Planting av ris på Fihaonana  
Foto: Jonas Skrettingland

Ved landkummen på Tombontsoa, bygd av JV i 2012  
Foto: Jonas Skrettingland

### **SAMARBEIDET MED SKULANE**

Det har vore god kontakt mellom styret i JV og dei to skulane gjennom året, om arbeidet på skulane og dei planar dei har for arbeidet framover. Dei sende søknad til NMS om vidare støtte til drifta av det eittårige kurset. Sidan det var ein del uklårheter omkring sider av søknaden, bestemte NMS at dei skulle få same summen for 2024 som dei fekk i 2023. Det er også beramma eit seminar på Antsirabe i starten av 2024, der skulane, kyrkja, NMS og JV deltek med tanke på å lage ein ny strategi for skulane sitt arbeid framover, ikkje minst med tanke på kva dei kan bidra med som eigenandel i drifta av skulane. Agronomkurset på begge

skulane er støtta av NMS/JV, og ikkje andre kurs og tiltak på skulane. Bortsett frå investeringar som JV støttar utanom det årlege driftsbudsjettet, etter søknad frå skulane.

#### 40 ÅRSJUBILEET PÅ FIHAONANA

I veka 1.-4. desember var det jubileum på Fihaonana. Styret i JV hadde bevilga 40.000 kr. som jubileumsgåve til skulen som støtte til å plante til eit areal med banan, appelsin og kokospalmer. Dette var skulen sitt ønskje. Plantene var av ulike sortar banan, og nokre appelsin var poda. Alt dette vil gje god avling om nokre år. Plantinga er ein del av det Fihaonana satsar på for å bli sjølfinsiert når det gjeld drifta av agronomkurset på skulen. Det vart planta 2000 bananplanter, 2000 sitrusfrukter og 2000 kokospalmer den dagen. Både rektor, tilsette og elevar var med. Plantinga er gjort med agroforestry-teknikken. Dvs. at det er andre vekster innimellom frukttrøa, slik som gras og andre vekster. Det er og ein del leguminøse planter der, som tek opp nitrogen frå lufta. Noko andre vekster også får nytte av med meir nitrogen i jorda. Arealet er totalt på 150 dekar.



Elevar og tilsette med rektor i spissen ut på planting ein av jubileumsdagane. Foto: Randriamahaleo Bary



Rektor Hoby og tidlegare rektor Felicite og Arne Dragsund planta nye sortar av bananplanter  
Foto: Randriamahaleo Bary

Plantinga av denne store fruktåkeren er ein del av det som Fihaonana satsar på av planter

som greier syklonar i framtida. Mykje av dei frukttræa og plantene dei hadde satsa på før, vart øydelagde i syklonane i 2021, mellom andre ein stor planting av kaffibusker.

### **Sjølve jubileumsfeiringa var måndag 4. desember**

Dagen før var det gudsteneste i Voatsoa kyrkje like ved, ei kyrkje som Fihaonana har bygt opp litt etter litt saman med kyrkjelyden.

Laurdag 2. desember var det samling for tidlegare elevar, der rektor Hoby og lærar Noely hadde ein gjennomgang av måtar å starte samvirkelag i landbruket på. Rektor tok med forhold i Israel etter turen han hadde dit tidlegare i år. Arne Dragsund avslutta samlinga med å fortelje om korleis samvirket kom i gang i Norge, og den betydning dette har hatt for veksten i norsk landbruk gjennom tidene.



Elevane song i gudstenesta søndag  
Foto: Randriamahaleo Bary



Kvinnene på skulen song under gudstenesta  
Foto: Randriamahaleo Bary

### **Mange gjester på jubileet**

Rundt 400 gjester var til stades på jubileumfeiringa måndag, som var leia av visepresident i Manakarasyndoden, Randrianiaina James, og rektor Randrianarijao Hobiharisoa. Historia til skulen går tilbake til arbeidet i FaFaFi i Manakara, som Arne Dragsund bygde opp og leia i tida 1979-1982. Rettleiingstenesta trong eit kurscenter, så austsynoden ga Fihaonana, som då var eit lite brukt ungdomssenter, til FaFaFi. Arne Dragsund planla så ein ny jordbruksskule på Fihaonana, etter at synoden hadde vedteke at dei ville ha ein jordbruksskule på austkysten. Søknaden om støtte til utbygging og drift vart sendt til NORAD i 1981, underteikna av synodepresident Soamila Felix og Arne Dragsund. FaFaFi fekk eit positivt svar frå NORAD i 1982, at søknaden om oppbygging og drift av skulen, var innvilga.

Ramiharimanana Felicite starta då opp som den første rektor med oppbygging av skulen. Det første kullet kom altså i gong i 1983 med berre 8 elevar, fordi det var nokså ukjent på aust på den tid at ungdom trong jordbruksutdanning. I dag er det stor søkning til skulen, ikkje mindre enn 160 søkarar til det 40. kullet som nå gjekk ut. Ramiharimanana Felicite og Mahadimby Gerard fortalte om starten på skulen og hadde ei bildeframvisning frå den første tida fram til i dag.

Mange av gjestene kom med helsingar på jubileet, mellom andre fylkesmannen, synodeleiinga og Arne Dragsund, som helsa frå styret i JV og overrakte eit bilete med innskrift på gassisk om gåva til skulen som nemnt tidlegare. Han helsa og frå Det Norske Misjonsselskap og las opp gratulasjonsbrevet frå Arild Bakke i NMS som ikkje hadde høve til å vere med på jubileet. Det var eit vel gjennomført og fint jubileum på Fihaonana desse dagane. Som nemnt tidlegare, var Fihaonana den einaste jordbruksskulen på heile austkysten av Madagaskar, bortsett frå eit Lycee Agricole som staten hadde på den tida i

kystbyen Toamasina. Denne skulen vart nedlagt midt på 80 talet på grunn av finansielle problem i staten. I dag er det nokre få kurscenter i jordbruk på austkysten, men Fihaonana er den største og viktigaste skulen, som får elevar ikkje berre frå austkysten, men og frå Fianarantsoa og andre område i Innlandet og sør- og vestkysten.



Pastor Randrianiaina James, rektor Randrianarijao Hobiharisoa, Arne Dragsund

Foto: Randriamahaleo Bary



Rektor Hoby og hans medarbeidarar på skulen. Dei fleste av dei 48 elevane i det 40. kullet

Foto: Randriamahaleo Bary

Så tek ein ny epoke i skulen si historie til, med det 41. kullet som tek til i januar 2024. Opptaket av nye elevar skjer fleire stader på Austkysten og i Innlandet, med ei praktisk oppgåve og intervju med kvar enkelt, i tillegg til ei teoretisk oppgåve. Som nemnt tidlegare, var det svært stor søkning til det 40.årskullet, og det er gledeleg at så mange unge ønskjer ei jordbruksutdanning, både på Fihaonana og på Tombontsoa. Begge desse skulane er mellom dei skulane som ligg lengst framme når det gjeld undervisning i landbruk på Madagaskar. Begge skulane er som det heiter, Ecole agree, dvs. dei er godkjende av myndighetene som fagskular i landbruket.

## TOMBONTSOA

Arne Dragsund var eit par gonger innom Tombontsoa då han var på Madagaskar i oktober-desember. Han var og innom fjøset og grisehuset og snakka med mekanikaren Lalaina og leiar for fjøset, lærar Bakoly. Skulen har for 2023 fått 180.737.500 Ariary = 451.800 Nok frå NMS og JV for å drive agronomkurset. Rektor nemner at eigenandelen frå skulen var rundt 28 mill. Ariary = 70.000 Nok dette året. Han seier at skulen har fått melding frå NMS om at skulen får 170.000.000 Ariary= 425.000 Nok frå NMS/JV for å drive agronomkurset i 2024.

### Undervisninga

Det totale antalet elevar og studentar på Tombontsoa jordbruksskule i slutten av 2023 var på 409. I alt er det 46 tilsette på Tombontsoa, med 11 i undervisninga og 35 i drifta av gardsbruket og andre verksemdar. 37 lærarar er innleigde til kursa IPSATTA, Lycee Agricole, Avischool og FPQ. Alle lærarar har med seg elevar og studentar ute i praksis i gardsbruket.

### FPQ- det eittårige agronomkurset

Skuleåret 2022-23 vart avslutta i juli-23. 100 elevar fekk då sine diplomar, signerte av skuleleiinga og synoden, samt staten som også var med og godkjende eksamensoppgåvene.



Avgangselevane samla. Dei beste elevane fekk sine premiar under avslutningsfesten. Foto: Rasoloson Lala

Det er i slutten av året 2023, 68 elevar i det eittårige kurset på Tombontsoa. Ein av desse er blind. 50 elevar ligg til grunn for den økonomiske støtta til skulen frå NMS og JV. Så skulen finansierer 18 elevar ekstra av eigne pengar dette året. Nokre av elevane bur nå utanfor skulen, men dei fleste bur på internatet. I dette kurset er halvparten av opplæringa praksis ute i jordbruket, fjøset, grisehuset og hønehuset. Grupper på 6 elevar har då med seg ein lærar. I denne samanheng kan det nemnast at staten har teke læreplanane for skulane Tombontsoa og Fihaonana som mal for eigne og andre skular og institusjonar som har landbruksutdanning, der praksiskravet er kome med som ein viktig del av undervisninga.

### Håpets gard = Fanantenana

Sidan det i fjøset vert mjølka med mjølkemaskinar og faste folk, lærer elevane mjølking med hand på Demonstrasjongarden Fanantenana=håpets gard. Denne garden vart bygt opp i 1974, og har både kyr, griser og sauer, samt grønsaker og gras på rundt 50 dekar jord. Planteskulen for oppal av skogstre og frukttrær ligg på denne garden. I fjøset står dei to store trekkoksane som vert nytta til pløying og jordarbeiding, og transport av t.d.kraftfor frå mølla til husdyrbruket. I fjøset og grisehuset er det laga renner kor landet renn ut i ein kumme utanfor fjøset, og dette vert nytta både til grønsaker og til grasproduksjonen på denne garden. Denne demonstrasjonsgarden vert som sagt nytta til opplæring av elevar, og tener

som ein modell for korleis dei kan bygge opp sin eigen gard når dei kjem tilbake til sine landsbyar etter endt utdanning.

### **IPSATTA**

Dette høgskuletilbodet kom i gang i 2011 med tre studieretningar: Jordbruk, husdyrbruk og miljøkunnskap. Totalt i alle klassane i IPSATTA er det nå 273 studentar. Dei betalar skulepengar for å gå på Tombontsoa, og alle bur utanfor skulen. 68 studentar gjekk ut av studiet i mars 2023, og 61 gjekk ut i desember 2023, totalt 129 dette året. Rektor Rasoloson fortalde at det nå var 140 søkarar til det 1. året som vil starte opp før nyttår. Altså ei stor auke i søkartalet, noko som viser at Tombontsoa er ein populær skule, fordi dei har eit gardsbruk som opplæringsarena, noko både staten og private organisasjonar set pris på når dei skal tilsette nye folk.



61 studentar fekk bachelorgraden i desember-23. Tidlegare dette året har 68 fått sin grad, så totalt 129 har fått bachelorgraden dette året. Kyrkjepresidenten og Guvernør for fylket Vakinankaratra t.h.

Foto: Rasoloson Lala

Planar for vidare studier til mastergraden, er klare. Dette studiet vil då vere innanfor universitetet for FLM, Oniversite Martin Lotera, som vert administrert av SALT i Fianarantsoa. Det er ikkje teke stilling til kva tid dei skal byrja med masterstudiet etter bachelorstudiet som dei nå har.

### **Paraveterinærstudiet**

Dette kom i gang i 2022 og er eit studium for dei som vil utdanne seg vidare frå IPSATTA i veterinærmedisin med tanke på arbeid innan rådgjeving i husdyrbruk. Det er 53 studentar dette året. 220 studentar fullfører studiet i jord- og husdyrbruk nå, så det totale antalet i IPSATTA er på 273.

### **Lycee Agricole**

Kurset kom i gong i 2015. Det er nå 68 elevar fordelt i dei tre klassane. Dette er eit vidaregåande kurs på 3 år for 15-16 åringar. Dei får studiekompetanse, og kan etter det studere vidare på høgskular og universitet. Mange går vidare til IPSATTA på Tombontsoa. 100 % av elevane som gjekk ut i år med baccalaureat technique (teknisk artium) etter 3 år, fekk godkjent eksamen. Eit flott resultat!



25.oktober forsvarte studenten Velomanana Ranjatiana Herimalala avhandlinga si til bachelorstudiet med oppgåva «Verdien av tilsetjing av ekstrakt av planten Azolla i foret til kaninar av rasen Geant på 1,5 og 2,0 mnd. alder». Foto: Arne Dragsund



Teamet som hadde utspørringa med rektor Rasoloson Lala i midten. Medstudentar og foreldre samla  
Foto: Arne Dragsund



Fin avslutning for studenten og skulen  
Foto: Randriamahaleo Bary

Herimalala framfor medstudentar som høyrde på  
Foto: Arne Dragsund

## Avischool

Dette er ein klasse for spesialisering i hønseavl som det er stor interesse for. Det er stort sett elevar, som er ferdige med agronomklassen og ønskjer ei vidareutdanning i hønseavl for å setje i gang med ein slik produksjon, som går denne klassen. Nokre kjem og frå IPSATTA. Det

er nå 47 elever i dette kurset. Nytt kurs tek til i februar 2024. 29 elever fekk sine vitnemål i mars 2023, og 18 i desember 2023. Totalt 47 dette året.



Nokre av elevane i Avischool. Nokre elever har gjennom vinteren laga fine handarbeid

Foto: Rasoloson Lala

### **Evaluering av skulane**

Begge jordbruksskulane hadde ei ekstern evaluering i mars 2023. Korkje NMS eller JV var med i evalueringsteamet, som vart administrert av NMS sin kontaktperson på Madagaskar. Det vart utarbeidd ein rapport frå denne evaluering, der dei også hadde vitja tidlegare elevar frå skulane for å sjå korleis dei hadde etablert seg som bønder etter endt utdanning.

### **Besøk utanfrå og jordbruksskulen i Morondava**

Skulen har hatt besøk av folk frå styret i JV dette året, og Andreas Jørgensen i Moringaprojektet. Ein representant frå Deichman i Tyskland var på besøk saman med presidenten i FLM, dr. Rakotozafy Denis for å diskutere korleis kyrkja kan gjere noko med FOFAFA i Morondava, som kyrkja nå har teke tilbake. 20.-21. september var rektor på Tombontsoa og den nasjonale leiaren for FANILO i Morondava for å sjå nærare på kva som kan gjerast med denne eigedomen. Rektor på Oniversite Martin Lotera i Fianarantsoa, professor Rapelanoro Rabenja, var saman med kyrkje-presidenten på Tombontsoa i samband med avslutning av bachelorstudiet for IPSATTA. Kyrkjeleiinga i hovudstaden vitjar regelmessig Tombontsoa.

### **Støtte til elevar**

5 elevar har fått støtte til gjennomføring av agronomkurset frå NMS, og 8 har fått hjelp frå Avitech. Frå NMS 6.650.000 Ariary=16.625 Nok. 12 elevar er tekne imot som nattverdsberettiga i kyrkja dette året.

### **Gardsbruket**

#### **Jordbruket**

Skulen har halde fram med å legge på solcellepanel på bygningane for å redusere straumforbruket frå JIRAMA

Madame Bakoly ga i oktober, då Arne Dragsund var på besøk på Tombontsoa, uttrykk for at det var vanskeleg med pengar for å kjøpe gjødsel til dyrkinga av mais nå like før sesongen. Styret i JV bevilga derfor hastig pengar til skulen for å kjøpe inn gjødsel og kalk til maisarealet, med 37,6 mill. ariary eller 100.000 kr. I besøket Dragsund hadde på Tombontsoa i november- desember, fortalde Bakoly at dei hadde kjøpt gjødsel og laga til

areala for mais til silofor. Maisen sto veldig fint på store område som var sådd til, i alt 135 dekar mais og 30 dekar gras. Dei var godt i rute med dyrkinga av den maisen som skal brukast til silofor til fjøset i januar-februar. Og landet i gjødselkummen som vart bygd av JV i 2012, vart nytta til grasarealet. Det var ennå litt maissurfor igjen som kunne nyttast før dei kunne begynne med foringa av gras.

### Fjøset

I fjøset har mjølkemengda teke seg opp dei siste 6 månadene. Ei av kyrne var oppe i 31 liter pr. dag. I januar -23 var mjølkemengda i fjøset totalt på 200 liter, i desember 440 liter. Og dyra, både mjølkekyrne, og kalvane/kvigene såg gode ut nå. Det er nå 35 mjølkekyr og rundt 100 dyr totalt i fjøset. Kyrne vert inseminerte med NRF sæd frå Socolait. Arne Dragsund hadde ein prat med leiaren for produksjonen av mjølk ute hos bøndene, Huges Havrez, og madame Bokoly ein dag han var innom Tombontsoa. Havrez fortalde at dei fekk frosen NRF sæd frå Frankrike, saman med sæd av rasene Normande og Montpelliere, som myndighetene på Madagaskar nå vil satse på istaden for NRF. Det er problematisk å få sæd frå Norge nå sidan Fifamanor og Armor ikkje har NRF dyr lenger. Dragsund hadde ei samtale med PRN Madagaskar, med kontor i Antsirabe, Mme Dinasoa Feno Hasina, som fortalde at dei hadde sæd til bøndene som var medlemmer i samvirkelaget. Ein inseminør arbeidde på heiltid med inseminering ute hos bøndene. Sæden kom frå Geno i 2019, som ei sending saman med det som Fifamanor fekk. Dei har behov for 400 doser i året til dei 136 medlemene dei har i PRN, med 45 medlemmer rundt Antsirabe.



NRF besetningen på Tombontsoa er på 35 kyr pluss påsett. Lærer Bakoly viser fram dei beste kyrne. Alltid godt med ein god prat om ytelse, inseminering, kalveforing og andre viktige ting

Foto: Arne Dragsund og Randriamahaleo Bary

Det vart i samtalene med lærer Bakoly på Tombontsoa og Hugues Havrez i Socolat og Dinasoa Feno Hasina i PRN ( Avlsforeininga for Norsk rødt fe i Antsirabe), diskutert eit samarbeid mellom meieriet Socolait, som mottakar av mjølka frå Tombontsoa, og PRN om inseminering av kyrne i heile Vakinankaratra fylke. Det er her snakk om vidare import av NRF sæd og oppbevaring av denne. Både Hugues Havrez og Dinasoa Feno Hasina var positive til eit samarbeid dei imellom framover. Sidan staten har teke til med import av dei franske rasane, kan det bli fare for NRF rasen framover, sidan meieriet Socolait importerer desse rasane og brukar dei til besetningar som leverer mjølk til meieriet.



Lærer Bakoly og Hugues Havrez i meieriet Socolait  
Foto: Arne Dragsund



Leiar Dinasoa Feno Hasina i PRN  
Foto: Randriamahaleo Bary

### Grisehuset

Dragsund var innom grisehuset i desember saman med røktaren. Enno er ikkje huset fullt med griser slik intensjonen med restaureringa var. JV støtta restaureringa av heile det store grisehuset. Det er rundt 20 avlspurker nå, men dei kunne auka antalet til minst det dobbelte utfrå den plassen dei har. Det er stor etterspørsel etter gode smågriser frå bøndene i distriktet. Oppføring til slaktegris er og lønsamt med sal av svinekjøt i Antsirabe. Potensialet med å auke besetningen av gris på Tombontsoa, er stort. Og dermed også inntekta med sal av smågriser og slaktegriser. Slik som på Fihaonana, er det behov for å fornye avlsmaterialet i besetningen. Skulen melder om at det er planar om å auke svinebesetningen i 2024.

### Hønehuset

Produksjonen av unghøner i hønehuset går framleis godt. Denne produksjonen er god forretning som gjev skulen gode inntekter. I 2023 vart det teke inn 96.000 daggamle kyllingar som vart selde til eggprodusentar som 8-12 vekers gamle unghøner. Skulen har også teke til med oppdrett av slaktekyllingar som ein del av opplæringa av elevane, sidan det er stor etterspørsel i markedet. Rektor seier at det er på grunn av hønehuset og produksjonen der at dei har kunna investere i ymse tiltak på skulen, som t.d. solcelleanlegga og skulemateriell til klassane.



Oppdrett av kyllingar til verpehøner. Oppdrett av slaktekyllingar. Foto: Rasoloson Lala

## Kraftformølla

Mengda av selt kraftfor har minka på grunn av at det er kome mange andre produsentar i Antsirabe, og stor konkurranse. Det er selt 55,7 tonn kraftfor i 2023 av ein produksjon på 77,1 tonn.

## Fiskeoppdrettet

Mengda av oppdrettsfisk har auka dette året, men mangel på vatn set ei begrensning på dette. Skulen kjøpte i desember 2023 ei pumpe driven av solcellestrøm, som skal skaffe meir vatn til fiskedammen. I 2023 vart det sett ut 500 yngel, og i januar 2024 blir det sett ut 600 yngel i dammen.



Elevane haustar fisken i dammen. Godt resultat dette året. Foto: Rasoloson Lala

## Skogen i Ambatomainty

I februar 2023 var alle elevar og studentar på skulen på skogplanting i skulen sin skog i Ambatomainty, eit stykke nord for Tombontsoa mot Andranomanelatra. 2800 skogsplanter og 800 Moringatre vart planta denne miljødagen, som inngår i fleire skulefag om å ta vare på naturen og miljøet.



Elevar og studentar samla på skogdagen i februar- 23, der det vart planta mange tre. Foto: Rasoloson Lala

## Moringaprojektet

Dyrking av moringatre har halde fram også i 2023, som eit eige prosjekt finansiert av ei støttegruppe i Norge, leia av Andreas Jørgensen. Dette prosjektet har vore viktig, både på Tombontsoa og Fihaonana, i Grøn diakoniarbeidet ute i sjukelandsbyane som skulane har ansvaret for. Støtte til Moringaprojektet i 2023 låg på 55.405.090 Ariary = 138.500 Nok.

Elevar på Tombontsoa har hatt forsøk med foring av slaktegris med og utan tilsetjing av Moringamjøl i foret. Grappa av griser som hadde fått moringamjøl i foret, vaks raskare og var mindre sjuke enn dei utan denne tilsettinga. Så dette treslaget, som kallast mirakeltreet, kan vere nyttig som mat for både menneske og dyr, med sitt store innhald av mineral, vitamin og protein med dei fleste aminosyrer.



Elevar i gang med potting av moringatre. Og vatning av treet. Foto: Rasoloson Lala

### Okseprosjektet

Bruk av trekkoksar har blitt ein del av opplæringa på skulen. Elevane får både undervisning i dette, og dei får prøve oksane med nye reiskapar. Ein lærar frå den tekniske skulen CFAMA i Antsirabe, som er ingeniørutdanna, underviser elevane på Tombontsoa, og elevane trenar i bruken av reiskapane på demonstrasjonsgarden. Reiskapane som vart utvikla av JV med Kjell Dale og Kolbjørn Lerstøl i spissen, fungerer godt, det same med dei reiskapane som vart bestilte etter at okseprosjektet vart avslutta.



Dette er nokre av reiskapane som vart utvikla og er i bruk i dag. Foto: Rasoloson Lala

## Besøk hos tidlegare elevar

I mars 2023, då det var evaluering av skulane, vart tidlegare elevar besøkte. Det evalueringsteamet såg av produksjonar då, gjev håp for framtida for skulen, seier rektor.



Besøk hos tidlegare elevar som driv med gris og andre produksjonar. Foto: Rasoloson

## Grøn Diakoniarbeidet

I 2023 hadde skulen ansvaret for 8 sjukelandsbyar med opplæring av hyrdar i grønsakdyrking, planting av skogstre og frukttre, samt anlegg av planteskular og kompostlagring. I synoden SPAM er tobyane Ambohimahazo, Ambohitrandriana, Ankafototra, Farihimena, Mandakibo og Ambohimanatrika med. I synoden SPAnta er toby Ambohimiadana med og toby Soatanana i synoden SPAF og toby Betela i synoden SPBM. Skulen fekk 116.892.430 Ariary= 292.000 nok i 2023 frå Grøn diakoni-Plant eit Tre i Norge for å drive grøn diakoniarbeidet i lag med tobyane (sjukelandsbyane).

## Capacity building

Styret for skulen bestemte 2. februar 2023 at rektor på Tombontsoa burde fått ei nærare opplæring i Norge i capacity building, dvs. korleis ein slik stor skule som Tombontsoa kan drivast betre. Det kunne vore interessant om det fanst ein skule tilsvarende Tombontsoa som kunne vere ein søsterskule med Tombontsoa. Styret i JV har hatt denne saka framme, utan at det er kome til noko resultat ennå.

## FIHAONANA

Skulen har, som det også er på Tombontsoa, eit sterkt fokus på korleis skulen og dei praktiske avdelingane kan skape gode inntekter slik at skulen blir sjølvfinansiert når det gjeld det eittårige agronomkurset. Skulen har gjennom NMS og JV fått 190.000.000 Ariary = 475.000 Nok i 2023 for å gjennomføre det 40. skuleåret.

## Undervisninga

### Eittårig kurs

I januar 2023 byrja det 52 elevar av begge kjønn i agronomkurset, av 160 søkarar. På grunn av brot på det interne skulereglementet, vart dette talet redusert til 48 elevar i slutten av skuleåret. Desse elevane fekk litt ekstra fag dette året, sidan skuleåret varte ein månad

lenger enn vanleg, med 11 månader. Elevane hadde ein 12 dagars studietur over heile øya for å sjå og lære om jord- og husdyrbruket dei forskjellige stader, og dei var med på det årlege stemnet i Ankaramalaza. 8 elevar av begge kjønn vart døypte og konfirmerte i løpet av skuleåret.

4. desember fekk elevane sine vitnemål. 30 av dei fekk eit statleg vitnemål, dvs. at staten var med og signerte vitnemålet saman med rektor og synodepresidenten. 18 fekk eit vitnemål frå kyrkja, Manakarasynoden, signert av rektor og synodepresidenten.

Elevane fekk ein startpakke med seg heim etter endt skulegang. Med forskjellige grønsaksfrø og andre vekster som søtpotet m.fl. Foreldra til elevane var spesielt inviterte til avslutninga for elevane. Dei fekk og ei omvisning i gardsbruket for å bli kjende med det elevane hadde gått gjennom i kurset.

Nokre av elevane kom frå spesielt vanskelegstilte familiar, så dei fekk både litt pengar og utstyr for å kunne gå på skulen og vere med heilt fram til eksamen. 5.985.000 Ariary = 14.900 Nok vart brukt til dette. På grunn av dette var det ikkje nokon som måtte slutte på skulen dette året fordi dei mangla pengar til skuleopphaldet. Rektor seier at ein slik stønad var umåteleg viktig for dei elevar som ikkje hadde midlar til å fullføre skuleåret utan økonomisk hjelp.

## **PEJJA**

Dette årlege entreprenørkurset kjem i gang igjen med 40 studentar med akademisk bakgrunn, for 3 nye år i 2024, med støtte frå Den afrikanske utviklingsbanken. Staten har tidlegare bygt både undervisningslokale og internat med kantine for dette kurset, så bygningsmassen på Fihaonana er nå funksjonell og god.

## **Grøn diakoniarbeidet**

Dette er eit samarbeid med stiftelsen Grøn Diakoni- Plant et Tre i Norge, som for 2023 ga 108.241.350 Ariary= 270.600 Nok til dette arbeidet. I dag har skulen, som nemnt tidlegare, ansvaret for 7 tobyar over austkysten i to synodar. Målsettinga er å hjelpe dei mentalt sjuke (Herrens minste) til å bli fortare friske igjen, og skaffe mat til dei sjuke og hyrdane som steller dei. Hyrdane har fått opplæring og såfrø og småplanter for både skogstre og frukttré.



Jorda er klar for tilsåing/planting i toby Ampitamazava. Foto: Randrianarijao Hobiharisoa

Nå skal kvar toby lage sin eigen planteskule for oppal av småplanter og produksjon av grønsaksfrø. Dette vart bestemt i det todagars lange seminaret skulen hadde i oktober månad. Lærarrådet på Fihaonana bestemte etter seminaret i oktober, at skulen skulle kjøpe

inn 3 nye motorsyklar for å vere meir effektive når det gjeld å vitje desse sju omsorgssentra for opplæring og oppfølging av arbeidet. Nå reiser 6 lærarar frå jordbruket og husdyrbruket ut til tobyane ein gong i månaden. Skulen melder om at det nå er stor framgang i dei enkelte tobyane med stor produksjon av grønsaker. Mange av tobyane skal og til med hønseproduksjon etter at dei har bygt sitt eige hønehus, som dei måtte bygge sjølve utan stønad frå Fihaonana. To tobyar merkar seg ut for stor framgang, nemleg Ampitamazava og Ambanimary. Ankaramalaza og Vohitrindry heng litt etter, men det er sett inn ekstra innsats for å følgje arbeidet i desse tobyane nærare opp.

### **Moringaprojektet**

Dette prosjektet har kome i gang med eit samarbeid med ei støttegruppe i Norge, leia av Andreas Jørgensen. Dei har i år gitt 56.032.000 Ariary = 140.000 Nok. Dette for å drive kursverksemd innad i kyrkja. Kvinneforeinga og speidarane i kyrkjelyden i Vohipeno har t.d. fått opplæring i dyrking og bruk av Moringa i kosthaldet. I alt er det gitt opplæring til 200 kvinner og speidarar. Det er delt ut 25.000 moringafrø for planting i plastpotter i planteskular. Det er og studentar frå Universitetet i Antananarivo som forskar på bruken av Moringa i foret til husdyr. Det er nå planar om å skrive eit hefte om Moringa, dyrking og bruk av denne planten i kostholdet. Det er viktig å spreie kunnskapen om dette mirakeltreet på heile Madagaskar, seier dei på Fihaonana.

### **Gardsbruket**

Fihaonana vart sterkt ramma av dei to syklonane i 2021. Skulen har nå satsa på andre planter enn kaffi og papaya som var lite motstandsdyktige i syklonen. For eksempel sitrusfrukter, banan og kokospalmer. Elevane på skulen får både teoretisk og praktisk undervisning. Gardsbruket er nødvendig for å gje elevane den praktiske opplæringa dei treng i dyrkinga av dei forskjellige vekster og i husdyravdelingane fjøset, grisehuset og hønehuset. I hønehuset er det både verpehøner for sal av egg, og oppforing av slaktekylling. Det er nødvendig å vise begge desse produksjonane, sidan det er fleire tidlegare elevar som har byrja med slaktekylling. Dei tener godt på det, sidan det er stor etterspørsel. Oppal av gassiske høner er blitt redusert på grunn av sjukdom, berre 900 igjen av besetningen. Skulen har slutta med avl av sau og geiter, som dei hadde som eit prøveprosjekt. Klimaet på sørøst var ikkje gunstig for desse dyreartene. Men det kan hende skulen tek opp igjen dette seinare.

### **Fjøset**

Skulen har auka storfebesetningen til 20 mjølkekyr dette året. Problemet er at dyrkinga av gras ikkje har halde tritt med besetningsauken, slik at dei har køyrt og henta gras frå garden Ankepaka og Filadelfia i Manakara. Meir dyrking av gras vil vere eit prioritert område i det komande året. Ein del av tidlegare grasareal er teke til dyrking av sukkerrør for etanolproduksjonen. Men det er ennå areal som kan takast til grasdyrking. For å skaffe nok gras til ein aukande besetning på fjøset. Nye grasarter kan også vere aktuelle i det gode klimaet som er på Austkysten.



Skulen har 20 mjølkekyr på bås. Elevane mjølkar for hand. Foto: Randrianarijao Hobiharisoa



Rektor Hoby viser den nye etanolfabrikken  
Foto: Randrianarijao Hobiharisoa



Elevane er med i produksjonen av kraftfor  
Foto: Randrianarijao Hobiharisoa

### Fiskeoppdrettet

Syklonane som gjekk over austkysten i 2021, øydela ein god del av dammane for oppdrett av tilapia og karpe. Nå er dammane reparerte, så produksjonen er i gang igjen. Dei produserer kraftforet til fisken i mølla på skulen. Ein del av fisken vert seld, og ein del går til mat for elevane på skulen.



Tilsette i gang med fanging av fisken. Det manglar ikkje på humøret. Foto: Arne Dragsund

### Grisehuset

Antal grisepurker er om lag som tidlegare. Store slaktegriser køyrer dei framleis til Tana. for slaktning. Dette er svært god forretning som dei tener pengar på, trass i ein lang transport. Dei tek sikte på å slakte 1000 griser i Tana. komande år. Grisehuset gjev så god avkastning at dei reknar med at dette skal kunne finansiere det eittårige agronomkurset på skulen. Det er nå eit stort problem med innavl i besetningen. Fihaonana har derfor planar om å importere rånar av Yorkshire og Landsvin samt Durrock til skulen. Det er svært vanskeleg å finne avlsdyr på Madagaskar i dag som ikkje er i slekt med einannan.

## Demonstrasjonsåker

Skulen laga til ein åker med alle slags grønsaker for å vise foreldre og tidlegare elevar korleis dyrkinga av desse plantene er. Dette som eit utstillingsvindaug for dei som kjem til Fihonana på besøk. Åkeren var flittig besøkt under jubileet.



Maisen veks fint når den er godt gjødsla. Svære solsikker og andre vekster i demohagen. Foto: Arne Dragsund

## Dyrking av grønsaker i elevparsellar

Elevane dyrkar alle slags grønsaker på sine parsellar, og dette vert brukt i matlaginga på skulen.



Elevane har god praksis i sine dyrkingsparsellar av grønsaker som dei brukar i kosthaldet. Foto: Randrianarijao

## Sluttord

Styret i Jordbruksskolenes Venner vil takke rektorane og dei tilsette for eit godt samarbeid i 2023. Det er inspirerende å vere vitne til den store iver og innsats skulane sitt personale har i å drive skulane vidare framover mot nye utfordringar.

Ei takk også til Det Norske Misjonsselskap for samarbeidet dette året. Vi har ei god samarbeidsavtale som gjev føringar for korleis dette samarbeidet skal gjerast.

Så kan vi saman vere stolte av dei to jordbruksskulane på Madagaskar, som på mange vis går føre i nye måtar å drive landbruksopplæring på, og måtar å skaffe nødvendige pengar på for å drive skulane vidare.

Sandnes, 15. januar 2024

Styret i Jordbruksskolenes Venner

Arne Dragsund, sekretær



God letchihaust på Fihaonana. Foto: Arne Dragsund

Foto på framsida: Jubileumsfesten på Fihaonana, 4.12.2023. Foto: Randriamahaleo Bary